

”Myrmo – fela”

Fela etter Ludvik Hansen Mevassvik (f.1862 – d. 1949)



Ottar Mevassvik med Myrmofela.

Vinteren 1876-77 drog bror til Ludvik, Anders, frå Høylandet til Overhalla for å gå i skomakerlære hos Aleksander Myrmo, på Myrmo i Skage. Aleksander var bonde, skomakar – og kan hende spelemann. Kor god han var til å drive fela, veit vi ikkje, men han var ein framifrå veidemann – særleg kjend som bjønn-skyttar. Ein dag for han slik til at han skaut av seg den eine armen ved albogen. At det no vart verre å drive jakt, er sikkert, - men å spelle fele, vart sjølvstøtt heilt umogleg. Aleksander fortsette likevel som skomakar. Det vart fortalt at han la den venstre armstubben på ”leret” når han skulle skjere til emna.

Aleksander hadde kjøpt seg fele, kanskje i tida kring 1850. Fela var laga i Syd-Tyskland og hadde nok kome vegen til Trondheim (kanskje via Bergen) før ho seinare vart seld på Melamartnan.

Om Aleksander var den første eigaren av fela, veit ein ikkje heilt sikkert, men da Anders kom til Myrmo, hang fela på veggen og var ikkje i bruk. Anders såg mykje på instrumentet, og da våren nærma seg, og han skulle heim i konfirmasjon til broren, Ludvik, tok han mot til seg og spurte Aleksander om det var mogleg å få kjøpe fela. ”Æ skoill ha haft a te konfirmasjonsgava te broren min, hain Ludvik”.

Aleksander meinte at det kunne la seg gjere, han hadde no ikkje bruk for ho lenger, må vite.

Anders lurte på kva han skulle ha for fela. Aleksander drog på det, han tenkte vel at skomakarlærlingen ikkje sat så alt for godt i det: ”Ætt som de e du, ska du få kjøp a for tre kroner”.

Slik gjekk det til at fela la ut på ”ei ny reise”, om ikkje så langt denne gongen. Ein treng ikkje ha stor fantasi for å skjønne at ”plassguten”, som

fekk fela i gave, blei svært så glad. Musikalsk som han var, gjekk det ikkje lenge før han spelte slåttar.

Da Ludvik saman med bror sin kjøpte Mevassvika, var Myrmofela med på flyttelasset.

Ho skulle oppleve mykje ”hardt ver” på festlokale der Ludvik spela til dans saman med søskenborna sine, Johannes Perså og Iver Bernhof. Om vintrane kjørte Ludvik tømmer, og fela var med i skogstova. Her spreidde ho glede om kveldane når slitne skogskarar hadde fått i seg maten, og Ludvik, med veldig store hender og lange fingrar, spelte slåttar for dei.

At ein av karane sette seg på fela slik at ho blei sterkt skadd, var ikkje ei endeleg ulukke.

Ludvik, som var ein dyktig bygdesnikkar, sette fela saman. Men før han limte ho i hop, skrapte han av lokket litt fordi han syntes det var litt for tjukt og meinte at denne operasjonen skulle gi betre tone i fela.

Myrmofela var mykje i bruk i tida fram til 1945, særleg fordi at dei aller fleste av dei seks borna til Ludvik spelte.

Ludvik døydde i 1949, og fela blei liggjande mest ubrukt i ”fiolin-kista” på eit loft i kårenden hos ho ”bessmor” Elen, enkja etter Ludvik.

Men på slutten av 1970-talet, flytta fela tilbake til Overhalla. Ola Mevassvik, nest eldste son til Ludvik og Elen, fekk da fela etter far sin. Han tok ho med seg til Vukku i Verdalen og ba fiolinmakaren Hans Eng sjå på instrumentet om det kunne vere lønt å gjere noko med det.

I 1982 gjorde Eng eit større restaurasjonsarbeid på Myrmofela. Det viste seg at han hadde gjort eit godt arbeid, for etter kvart som fela vart teken i bruk, blei ho betre og betre. Sidan da har den 150-årige fela vore i nesten dagleg bruk, til kunstmusikk i orkester og til anna spell i ymse høve – brurmarsjar i Ranemkirka og slåttemusikk på PUB på Øysletta – nye tider, -nye skikkar. Om livet tek slutt for spelemannen, kan fela låte vidare i nye spelemannshender.

Avskrift fra boka ”Gjenklang – musikklivet i Overhalla mot 2000”.

Ottar Mevassvik